



Møteprotokoll for Alver formannskap

Møtedato: 02.12.2021
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:00 - 15:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekvalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG gjekk under sak 117/21	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Nils Marton Aadland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Høgne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-økonomisjef, Leni Dale-kommunalsjef, Line Merete Valle-tenesteleiar, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
106/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
107/21	Godkjenning av møteprotokoll
108/21	Busetting av flyktningar 2022

109/21	Vertskommunesamarbeid øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD)
110/21	Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt
111/21	Søknad om godkjenning til å søke startlånsmidlar i husbanken for 2022
112/21	Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA
113/21	Utbygging Knarvik - forskottering av utbygging infrastruktur
114/21	Mandat evaluering av politisk styringsstruktur og reglement
115/21	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall
116/21	Gebyr- og betalingssatsar 2022
117/21	Økonomiplan 2022 - 2025
118/21	Melding/orientering til formannskapet 02.12.2021
119/21	Makebyte og leige - kai 4
120/21	Røde kors

**106/21: Godkjenning av innkalling og saksliste
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

- Det er sendt ut ei ekstrasak til FO, sak 119/21 Kai 4
- Det er lagt til nytt oppdatert vedlegg til sak 116/21 gebyr og betalingssatsar
- Sak 114/21 politisk styringsstruktur, skal vidare til kommunestyret etter innstilling fra formannskapet
- Det vert orientering om Covid-19
- Melding - Røde kors - vert sett opp som eiga sak, sak 120/21

Innkalling og saksliste vert godkjent med endringar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 106/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent med endringar.

107/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

FO- 107/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

108/21: Busetting av flyktingar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktingar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Utval for helse og omsorg 30.11.2021:

Handsaming:

På vegne av eit samla utval la utvalsleiar Ståle Hauge-AP fram følgjande endringsframlegg:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI.

Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktingar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktingar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Felles framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster.

Felles framlegg sett fram av utvalsleiaren fekk 8 røyster og vart samrøystes vedteke.

HO- 038/21 uttale:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktingar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktingar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H vd T.Larsen-H:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktingar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktingar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster.

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (A.Hetlebakke-KRF)

FO- 108/21 innstilling:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktingar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktingar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

109/21: Vertskommunesamarbeid øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD)**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune seier opp avtalen med samarbeidskommunane om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. I løpet av 2022 vil rådmannen komme tilbake med sak om korleis tilbodet kan løysast frå 2023. Alver kommune vil i denne prosessen bidra til at samarbeidskommunane får etablert løysingar innanfor lovkrava.

Utval for helse og omsorg 30.11.2021:**Handsaming:**

Utval for helse og omsorg vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 039/21 uttale:

Alver kommune seier opp avtalen med samarbeidskommunane om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. I løpet av 2022 vil rådmannen komme tilbake med sak om korleis tilbodet kan løysast frå 2023. Alver kommune vil i denne prosessen bidra til at samarbeidskommunane får etablert løysingar innanfor lovkrava.

Alver formannskap 02.12.2021:**Handsaming**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 109/21 innstilling:

Alver kommune seier opp avtalen med samarbeidskommunane om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. I løpet av 2022 vil rådmannen komme tilbake med sak om korleis tilbodet kan løysast frå 2023. Alver kommune vil i denne prosessen bidra til at samarbeidskommunane får etablert løysingar innanfor lovkrava.

110/21: Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022.

Utval for helse og omsorg 30.11.2021:**Handsaming:**

Utval for helse og omsorg vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 040/21 uttale:

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022.

Alver formannskap 02.12.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 110/21 innstilling:

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022.

111/21: Søknad om godkjenning til å søke startlånsmidlar i husbanken for 2022**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2022 på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 140 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Tillegg i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

3.Auka i startlån vert innarbeid i budsjettet for 2022.

Rådmannen sitt framlegg, med tilleggspunkt 3, vart samrøystes vedteke.

FO- 111/21 innstilling:

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2022 på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 140 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

3) Auka i startlån vert innarbeidd i budsjettet for 2022.

112/21: Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner tilleggsavtale 2 mellom Alver kommune og Equinor Refining DA slik den ligg føre»

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 112/21 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner tilleggsavtale 2 mellom Alver kommune og Equinor Refining DA slik den ligg føre»

113/21: Utbygging Knarvik - forskottering av utbygging infrastruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune set av 100 mill kr i økonomiplanperioden 2022 - 2025 til forskottering av infrastrukturutbyggingar innan områdeplan Knarvik sentrum. Det er tilsvarande budsjettert med 60 mill. kr i tilbakebetaling av dei forskotterte midlane i økonomiplanperioden og 20,2 mill kr i mva refusjon.
- Dei resterande 20,2 mill kr av forskotteringa blir tilbakebetalt gjennom framtidige utbyggingsprosjekt i Knarvik.
- Ein føresetnad for å nytte forskotteringsmidlane er at medfinansiering frå utbyggjarar

er sikra gjennom politisk vedtekne utbyggingsavtalar.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 113/21 innstilling:

- Alver kommune set av 100 mill kr i økonomiplanperioden 2022 - 2025 til forskottering av infrastrukturutbyggingar innan områdeplan Knarvik sentrum. Det er tilsvarande budsjettert med 60 mill. kr i tilbakebetaling av dei forskotterte midlane i økonomiplanperioden og 20,2 mill kr i mva refusjon.
- Dei resterande 20,2 mill kr av forskotteringa blir tilbakebetalt gjennom framtidige utbyggingsprosjekt i Knarvik.
- Ein føresetnad for å nytte forskotteringsmidlane er at medfinansiering frå utbyggjarar er sikra gjennom politisk vedtekne utbyggingsavtalar.

114/21: Mandat evaluering av politisk styringsstruktur og reglement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet set ned ei gruppe på fem medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjonar.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Saka vert sendt til avgjerd i kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg, med endring pkt 1 fra formannskapet til kommunestyret, var samrøystes vedteke.

FO- 114/21 Vedtak:

1. Kommunestyret set ned ei gruppe på fem medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjonar.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

**115/21: Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall
RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

- Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall vert vedteke.
- Forskrifta gjeld frå den dato då den siste av deltakarkommunane i NGIR har vedteke forskrifta. Frå same tidspunkt vert FOR-2000-10-05-1706: Forskrift om innsamling av forbruksavfall, oppheva.
- Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i NGIR.
- Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samtidig med kunngjering i Norsk Lovtidende.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 115/21 innstilling:

- Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall vert vedteke.
- Forskrifta gjeld frå den dato då den siste av deltakarkommunane i NGIR har vedteke forskrifta. Frå same tidspunkt vert FOR-2000-10-05-1706: Forskrift om innsamling av forbruksavfall, oppheva.
- Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i NGIR.
- Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samtidig med kunngjering i Norsk Lovtidende.

116/21: Gebyr- og betalingssatsar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssatsar for 2022, slik dei går fram av framlegg datert 23.11.2021»

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Det er lagt ut oppdatert vedlegg - gebyr og betalingssatsar - framlegg oppdatert 01.12.2021. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 116/21 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssatsar for 2022, slik dei går fram av framlegg datert 01.12.2021»

117/21: Økonomiplan 2022 - 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2022 og for økonomiplanperioden 2022-2025 blir vedteke jfr. Bevillingsoversikt Investering etter § 5-5. Budsjettet er basert på forventta framdrift på tidlegare vedteke prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt. Sum investeringsutgifter i 2022 vert budsjettært med 272 463 000 kr. Bruk av lånemidlar vert budsjettært med 215 788 000, og av dette er kr 170 000 000 opptak av nye lån og resten vert finansiert med ubrukte lånemidlar. Øvrig finansiering framgår av bevillingsoversikta.
2. Økonomiplan for 2022-2025 og årsbudsjett for 2022 blir vedteke, jfr. Bevillingsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2022 blir vedteke med sum netto driftsrammer for dei sju sektorane, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2022 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Alver kommune vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å sjå på som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. Eigedomsskattelova § 25.
5. Det vert gjeve ei ramme på 1 809 000 kr til kontrollutvalet.
6. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 25 959 000 inkl. dekking renter og avdrag på lånet for kyrkja i Knarvik.
7. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
8. Godtgjersle til ordførar var per 01.01.2021 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr. Løna skal regulerast per mai 2021 og 2022 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar. Løna for 2021 er ikkje regulert ved utarbeiding av budsjett for 2022.

Eldreråd 29.11.2021:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet ser med stort alvor på den økonomiske situasjonen i Alver kommune, og vil uttrykkja sterk uro over forslag om omfattande nedskjeringar. Slike nedskjeringar vil gå ut over tenestetilbodet og livskvaliteten til svært mange, ikkje minst innan eldreomsorga.

Eldrekulla i Alver vil stiga både i og etter økonomiplan-perioden. Rådet etterlyser ein strategi for å dekkja opp tenestetilbodet og hjelpebehovet knytt til den forventta auken av eldre pleietrengande. Rådet er kritisk til at det vert lagt opp til å redusera

pleiefaktoren/bemanninga på institusjonane våre. Rådet meiner lågare pleiefaktor kan få negative konsekvensar også i form av høgare sjukefråver og meir bruk av eksterne vikarar/bemanningsbyrå.

Eldrerådet har fått presentert situasjonen for sjukeheimsplassar, og konstaterer at kapasiteten allereie er belasta 100 prosent. Rådet ser eit klart behov for at kommunen alt no for alvor kjem i gang med planlegging av lokalisering av fleire institusjonsplassar.

Med den forventade auken i eldregenerasjonen framover, etterlyser rådet også ein strategi for å dekke eit auka behov for tilbod til eldre heimebuande. Mange ønskjer å bu lengst mogleg heime og dermed treng hjelpetenester i heimen.

Eldrerådet forstår behovet for restrukturering av Alver-organisasjonen og at dette må skje parallelt med det pågåande 4-årige prosjektet "Leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift". Men rådet advarar sterkt i mot at ikkje økonomien må leggja premissa for dette arbeidet.

Eldrerådet peikar på at Intensjonsavtalen for den nye kommunen tydeleg seier at tenestene skal ta utgangspunkt i beste praksis frå dei tre kommunane. Rådet vil også peika på at tidleg innsats er svært viktig i det førebyggjande arbeidet.

Eldrerådet vil framheva kor viktig det er med eit godt tverrfagleg samarbeid for å gje eit best mogleg tilbod til tenesteb brukarane. Rådet vil også framheva den frivillige innsatsen som vert lagt ned på mange område, og ser behovet for at kommunen – gjerne i samarbeid med råd og lag og organisasjonar, utarbeider ein "frivilligstrategi" som set fokus på dette arbeidet. Eldrerådet vil framheva det omfattande og viktige tilbodet som Frivilligsentralen gir, i form av positive aktivitetar og førebyggjande arbeid. Eldrerådet er difor svært opptatt av at Frivilligsentralen vert oppretthalde som i dag.

Alver eldreråd ynskjer å etablera ein pensjonistpris, «årets pensjonist». Dette vil vera ein stimulans til alt frivillig arbeid for dei eldre og hjelpetrengjande i kommunen.

I tillegg vil rådet søkja om midlar som kan brukast til å støtta det viktige arbeidet som frivillige, organisasjonar og lag driv i kommunen. Dette kan vera med å minka vantrivnad og einsemd, som det er mykje av i samfunnet no. Dette må difor også sjåast på som eit helsefremjande tiltak. Eldrerådet vil føreslå eit årleg beløp på 50 000 kroner.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 050/21 uttale:

Eldrerådet ser med stort alvor på den økonomiske situasjonen i Alver kommune, og vil uttrykkja sterk uro over forslag om omfattande nedskjeringar. Slike nedskjeringar vil gå ut over tenestetilbodet og livskvaliteten til svært mange, ikkje minst innan eldreomsorga.

Eldrekulla i Alver vil stiga både i og etter økonomiplan-perioden. Rådet etterlyser ein strategi for å dekke opp tenestetilbodet og hjelpebehovet knytt til den forventade auken av eldre pleietrengjande. Rådet er kritisk til at det vert lagt opp til å redusera pleiefaktoren/bemanninga på institusjonane våre. Rådet meiner lågare pleiefaktor kan få negative konsekvensar også i form av høgare sjukefråver og meir bruk av eksterne vikarar/bemanningsbyrå.

Eldrerådet har fått presentert situasjonen for sjukeheimsplassar, og konstaterer at kapasiteten allereie er belasta 100 prosent. Rådet ser eit klart behov for at kommunen alt no for alvor kjem i gang med planlegging av lokalisering av fleire institusjonsplassar.

Med den forventade auken i eldregenerasjonen framover, etterlyser rådet også ein strategi for å dekke eit auka behov for tilbod til eldre heimebuande. Mange ønskjer å bu lengst mogleg heime og dermed treng hjelpetenester i heimen.

Eldrerådet forstår behovet for restrukturering av Alver-organisasjonen og at dette må skje parallelt med det pågåande 4-årige prosjektet "Leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv

drift". Men rådet advarer sterkt i mot at ikkje økonomien må leggja premissa for dette arbeidet.

Eldrerådet peikar på at Intensjonsavtalen for den nye kommunen tydeleg seier at tenestene skal ta utgangspunkt i beste praksis frå dei tre kommunane. Rådet vil også peika på at tidleg innsats er svært viktig i det førebyggjande arbeidet.

Eldrerådet vil framheva kor viktig det er med eit godt tverrfagleg samarbeid for å gje eit best mogleg tilbod til tenestebrukarane. Rådet vil også framheva den frivillige innsatsen som vert lagt ned på mange område, og ser behovet for at kommunen – gjerne i samarbeid med råd og lag og organisasjonar, utarbeider ein "frivilligstrategi" som set fokus på dette arbeidet. Eldrerådet vil framheva det omfattande og viktige tilbodet som Frivilligsentralen gir, i form av positive aktivitetar og førebyggjande arbeid. Eldrerådet er difor svært opptatt av at Frivilligsentralen vert oppretthalde som i dag.

Alver elderråd ynskjer å etablera ein pensjonistpris, «årets pensjonist». Dette vil vera ein stimulans til alt frivillig arbeid for dei eldre og hjelpetrengjande i kommunen.

I tillegg vil rådet søkja om midlar som kan brukast til å støtta det viktige arbeidet som frivillige, organisasjonar og lag driv i kommunen. Dette kan vera med å minka vantrivnad og einsemd, som det er mykje av i samfunnet no. Dette må difor også sjåast på som eit helsefremjande tiltak. Eldrerådet vil føreslå eit årleg beløp på 50 000 kroner.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 29.11.2021:

Handsaming:

Framlegg:

Generelt er rådet bekymra for kommunen sitt manglande handlingsrom, og for at dette kan føra til at kommunen ikkje greier å yta gode nok tenester slik at alle innbyggjarar kan leva fullverdige liv. Vi vil særleg peika på to forhold.

- Sjølv om talet på barnehageborn og grunnskuleelevar går ned, er vi redde for at dei føreslegne nedskjeringane på oppvekstsektoren skaper mindre vaksenttleik, og at dette i særleg grad vil råka dei som treng spesialundervisning og anna særleg oppfølging.
- Vidare trur vi redusert opningstid i rus- og psykiatritenesta vil få langsiktige, negative følgjer.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 052/21 uttale:

Generelt er rådet bekymra for kommunen sitt manglande handlingsrom, og for at dette kan føra til at kommunen ikkje greier å yta gode nok tenester slik at alle innbyggjarar kan leva fullverdige liv. Vi vil særleg peika på to forhold.

- Sjølv om talet på barnehageborn og grunnskuleelevar går ned, er vi redde for at dei føreslegne nedskjeringane på oppvekstsektoren skaper mindre vaksenttleik, og at dette i særleg grad vil råka dei som treng spesialundervisning og anna særleg oppfølging.
- Vidare trur vi redusert opningstid i rus- og psykiatritenesta vil få langsiktige, negative følgjer.

Ungdomsråd 29.11.2021:

Handsaming:

Orientering i saka v/Janne Sund, økonomisjef

Felles framlegg:

Vi i Alver Ungdomsråd ynskjer, som påpeika tidlegare, å få anledning til og påverka økonomiplanen allereie når den først kjem til behandling om våren (tidleg i økonomiplanprosessen).

Alver ungdomsråd er ikkje nøgd med at sektor Oppvekst må kutta 15 årsverk i skulen i perioden.

Vi er nøgd med at innsparingstiltak "To årsverk forebyggjande arbeid stab Oppvekst og Kultur" frå 2021 er tatt ut. Samstundes ynskjer vi ein større satsning her, slik at alle ungdomsskulane i kommune kunne hatt miljøterapeutar til å arbeida førebyggjande. I dag opplev vi at det ikkje

er likskap i tilbodet på ungdomsskulane, då noken har tilbod om miljøterapeut og andre ikkje.

Vi saknar tall som synar kor mykje midlar kommunen har til innkjøp av oppdaterte lærebøker, då ein i dag opplev at mange lærarar må nytta kopiering.

Vi ynskjer òg at kommunen aukar tal dagar helsesjukepleiar er tilstades på ungdomsskulane og Knarvik vgs.

Om Ungdomsrådet vert kopla på prosessen med økonomiplan på et tidlegare tidspunkt, er vi sikre på at behova frå ungdomen i kommunen hadde vore syna betre i framlegget frå Rådmannen.

Vi vonar at kommunestyret tek omsyn til råda frå Alver ungdomsråd

UR- 055/21 utfale:

Vi i Alver Ungdomsråd ynskjer, som påpeika tidlegare, å få anledning til og påverka økonomiplanen allereie når den først kjem til behandling om våren (tidleg i økonomiplanprosessen).

Alver ungdomsråd er ikkje nøgd med at sektor Oppvekst må kutta 15 årsverk i skulen i perioden.

Vi er nøgd med at innsparingstiltak "To årsverk forebyggende arbeid stab Oppvekst og Kultur" frå 2021 er tatt ut. Samstundes ynskjer vi ein større satsning her, slik at alle ungdomsskulane i kommune kunne hatt miljøterapeutar til å arbeida førebyggjande. I dag opplev vi at det ikkje er likskap i tilbodet på ungdomsskulane, då noken har tilbod om miljøterapeut og andre ikkje.

Vi saknar tall som synar kor mykje midlar kommunen har til innkjøp av oppdaterte lærebøker, då ein i dag opplev at mange lærarar må nytta kopiering.

Vi ynskjer òg at kommunen aukar tal dagar helsesjukepleiar er tilstades på ungdomsskulane og Knarvik vgs.

Om Ungdomsrådet vert kopla på prosessen med økonomiplan på et tidlegare tidspunkt, er vi sikre på at behova frå ungdomen i kommunen hadde vore syna betre i framlegget frå Rådmannen.

Vi vonar at kommunestyret tek omsyn til råda frå Alver ungdomsråd

Administrasjonsutval 01.12.2021:

Handsaming

Uttale frå utdanningsforbundet:

For tredje år på rad kjem Utdanningsforbundet Alver med uttale til Alver kommune sin økonomiplan, og for tredje år på rad ha vi trong for å påpeike at rådmannen sine konsekvenskildringar ikkje stemmer med verkelegheita. Dette har vi tatt opp med rådmannen mange gonger, utan at det har kome nokon betring. Vi meiner at det er viktig at Kommunestyret har gode og riktige fakta med seg før økonomiplanen blir endeleg vedtatt.

Barnehage:

Det er ei mager trøyst at det ikkje er foreslått mykje i kutt i denne sektoren. Forklaringa er såre enkel. Det er ikkje noko meir å kutte. Bemanninga er allereie på eit absolutt minimumsnivå i høve til bemannings- og pedagognormene. Høgt sjukefråvere og mangel på vikarar fører til stadige lovbrøt knytt til m.a. pålagt sovevakt og pålagt observasjon under leik, og brøt på tariffavtale som følgje av at pedagogane i stor utstrekning må vere saman med barna i den tida dei skulle ha drive med planlegging. Barnehagane har ikkje økonomi til å kompensere for all den tapte planleggingstida.

Dei økonomiske rammene i barnehagane er så tronge at talet på personalmøte ligg langt under det som er naudsynt for å sikre forsvarleg samarbeid og arbeid med pålagt utviklingsarbeid, mellom anna knytt til Rammeplanen for barnehagane. Vi er no urolige for om det blir sete av nok tid til å få jobba med bransjeprogrammet «Ein bra dag på jobb», som er knytt til IA-avtalen, og som har som mål å redusere arbeidsrelatert sjukefråvere i barnehagane. Personal møta må naturleg nok haldast utanfor opningstida. Når det ikkje er mogleg å hente inn tid til møta med å redusere bemanninga i opningstida, så er det inngått ein avtale om økonomisk kompensasjon for å ha møta utanom arbeidstida. Trong økonomi har ført til at talet på møte er føreslått redusert til 7 pr. år.

Det einaste kuttet som er føreslått i barnehagane dreier seg om reduksjon i spesialpedagogiske tiltak. Dette vil gå direkte ut over dei mest sårbare og hjelpetrengande barna, då det ikkje er ressursar/bemanning nok til å gje tilrettelagt tilbod innanfor det ordinære. Alle tidlegare ressursar til styrkingstiltak er allereie kutta. Eit nytt kutt no fører oss enno lenger vekk frå måla om å drive med tidleg innsats.

For å sikre at barnehagane kan drive forsvarleg, trengst det auke i rammene.

Skule:

Tilstandsrapporten for grunnskulane i Alver blei lagt fram for Kommunestyret 25.november. Utdanningsforbundet Alver er godt nøgd med at det kom kommentarar frå politikarar på at framstillinga ikkje harmonerte med det Utdanningsforbundet hevdar i ein annonsekampanje i lokalavisene. Forklaringa er ganske enkel. Tilstandsrapporten beskrev i stor grad korleis tilstanden i skulane var tenkt å skulle vere med dagens ressursnivå, og ikkje korleis tilstanden i skulane faktisk er ut frå dei mange utfordringane som finst.

Rådmannen foreslår nok ein gong kutt i lærarstillingar, 15 stillingar over to år, med uttalt konsekvens at PPT må vere tettare på i høve til rettleiing. Samstundes er det nok ein gong føreslått kutt i stillingar i PPT, med konsekvens at skulane må takle meir utan PPT si hjelp. For tredje år seier vi at dette ikkje heng saman.

Rådmannen seier gong på gong at Alver kommune bruker mykje pengar på skule i høve til samanliknbare kommunar. Dette kan Utdanningsforbundet seie seg einig i, men det er då viktig å påpeike at rådmannen samanliknar med dei andre kommunane i kommunegruppe 9, som i gjennomsnitt har 12 kommunale grunnskular der Alver har 22. Dei fleste av kommunane er vesentleg mindre geografisk eller vesentleg meir sentraliserte enn Alver kommune, og dei har ikkje ekstra kostnader knytt til språkdeling bokmål/nynorsk. Når rådmannen dreg fram Askøy kommune (med 18 skular) som døme på kor mykje billegare ein kan drive, så kan det dokumenterast at Askøy kommune med opne auge kvart einaste år har brote minstenorm for lærartettleik.

Rådmannen hevdar at det med noverande skulestruktur, og ut frå samla ressursnivå, er handlingsrom for å redusere med 15 lærarårsverk. Utdanningsforbundet Alver vil påpeike at dei store og mellomstore skulane allereie balanserer på eller veldig nær minstenorm for lærartettleik. Det er då ikkje tatt høgde for utfordringane med språkdeling. Det er heller ikkje tatt høgde for at fire oppgåver som tidlegare vart godtgjort med funksjonstillegg (IKT-kontakt, spes.ped-koordinator, teamleiar og plangruppe) no må godtgjerast med tid etter at arbeidsgjevar fjerna funksjonstillegga ved overgang til Alver kommune. Aukande utfordringar knytt til utagerande elevar, fører ytterlegare til at rammetimar til ordinær undervisning akutt må omdisponerast for å ivareta tryggleiken for elevar og tilsette. Her ligg forklaringane på at minst fem skular braut minstenorm for lærartettleik førre skuleår. Rektorane sto i den umoglege situasjonen at dei måtte velje mellom kva lovar dei skulle bryte.

Kutt i lærarstillingar vil ramme dei svakaste og mest sårbare elevane hardest, og dei minste skulane. Det vil auke presset på eit allereie pressa læringsmiljø, skulemiljø og arbeidsmiljø. Utdanningsforbundet Alver hevdar at det allereie i dag skjer lovbrøt, og vil hevde at ytterlegare kutt vil føre til enno verre tilhøve. For tre veker sidan gjennomførte tenesteleiar

skule innspelsmøte med rektorar og arbeidsplassstillitsvalde. Tilbakemeldinga var unison: Det er ikkje forsvarleg å kutte i årsverka. Grunngevinga som kjem er tydeleg. Kutt vil føre til dårlegare læring, meir utfordrande skulemiljø, fleire sjukmeldingar og ytterlegare flukt av skuleleiarar som ikkje lenger vil stå som ansvarlege for at dette skjer. Tidleg innsats, trygge og gode skulemiljø og helsefremjande arbeidsplassar er allereie for utopi å rekne ved mange av skulane våre.

Ulike støttefunksjonar:

Samarbeidet mellom PPT og skulane er no organisert på ein måte som det har kome mange positive tilbakemeldingar på, der PP-rådgjevarane har fast tid ute på skulane. Dette gjev godt grunnlag for observasjon av elevar og rettleiing av tilsette. I ei tid der utfordringane knytt til elevar sin faglege utvikling, psykiske helse, utagering, vald og trugslar er store og aukande, vil ein med kutta redusere moglegheitene for å ivareta eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø.

Rådmannen argumenterer for at kutt i merkantilressursar går greitt som følgje av betre digitale system, og at det ikkje vil gje redusert kvalitet på tenestetilbodet. Det blir ikkje nemnt at mengda ulike oppgåver samstundes har auka. Dei merkantilt tilsette gjev avlastning til overarbeidde leiarar, så ein reduksjon vil heilt klar merkast.

I førre runde blei det kutta ein rådgjevarstilling i stab oppvekst. Resultatet blei, som vi påpeikte, eit meirarbeid på både dei rådgjevarane som sat att, og på avdelingsleiarane ute. No ser det heldigvis ut til at denne stillinga er på plass att.

Utdanningsforbundet Alver sine arbeidsplassstillitsvalde og hovudtillitsvalde har over tid varsla om ein arbeidskvardag som for leiarar og tilsette er prega av store belastningar og stadige kriseløysingar. Vi har gitt beskjed om uforsvarlege hendingar og lovbrøt knytt til mangel på folk. Vi har følgd opp fortvilte leiarar som er usikre på om dei orkar meir. Nokre av dei har allereie møtt veggen, og andre er veldig nære. Vi har følgd opp tilsette som er så slitne og fortvila at dei grin i bilen før dei orkar å køyre heim frå jobb. Vi har følgd opp tilsette som har vore utsette for vald, alvorlege trugslar og grov trakassering over tid. Vi har kravd at arbeidsgjevar melder dei grovaste tilhøva til Arbeidstilsynet og politiet.

For ein månad sidan kom eit nytt avvikssystem på plass i Alver kommune. Det nye systemet inneheld vesentleg betre avvikskategoriar enn det gamle systemet, ikkje minst innanfor tenestekvalitet, men òg innanfor HMS. Vi har oppmoda våre medlemmar til å vere lojale mot kvarande og ungane/elevane, og melde avvik når dei skjer. Vi veit at det heile vegen har vore ei enorm underrapportering, og forventar at betre system og auka fokus vil føre til ein eksplosjon i avviksmeldingar i tida framover. Vi veit at det medfører eit meirarbeid å melde, og at leiarane får eit meirarbeid med å følgje opp avvika i etterkant, men vi kan berre ikkje gje opp håpet om at vi ein eller annan gong får til endringar som tar oss i riktig retning.

Den siste månaden har Utdanningsforbundet Alver brukt mykje pengar på ein annonsekampanje der vi har ønskt å belyse for innbyggjarane og politikarane korleis stoda er. Vi gjer ikkje dette for å mele vår eiga kake i form av løn eller sympati. Vi kjem med veldig alvorlege påstandar. At desse påstandane i ein månad har stått uimotsagt frå kommunen si side, tenkjer vi seier veldig mykje. Vi har sete klar med dokumentasjonen, og venta på reaksjonane som aldri kom. Vi har ei historie som MÅ forteljast. Ikkje for å krisemaksimere, syte og klage, men for å seie ifrå om at dette dreier seg om leik, læring, trivsel, tryggleik, liv og helse. Det handlar om det einskilde barn, den einskilde elev, den einskilde tilsette og den einskilde leiar.

Alver kommune har plikt på seg til å drive lovleg og forsvarleg. Vi oppmodar politikarane innstendig om å nytte dei neste to vekene til å spørje og grave. Snakk med oss tillitsvalde. Still direkte spørsmål til kommunalsjef og tenesteleiarar. Stemmer dette som Utdanningsforbundet hevdar? Høyr med styrarar, rektorar og tilsette. Korleis har de det på jobb? Høyr med foreldra til elevar med vedtak om spesialundervisning. Kor mykje får dei eigentleg?

Utdanningsforbundet Alver håper at Kommunestyret kjem fram til det same som oss, at det einaste forsvarlege no er å stryke kuttane, og heller setje tenestene i stand til å drive forsvarleg og innanfor lov- og avtaleverket. Det er kostbart at tilsette blir sjukmeldt som følgje av arbeidsbelastninga, og det er kostbart med stadige naudløysingar når det oppstår akutte situasjonar som kunne vore unngått.

Anita Helland og Jarle Næss,
HTV Utdanningsforbundet Alver

Framlegg:

Økonomiplanen 2022-2025 vert teke til orientering.

Famlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 034/21 uttale:

Økonomiplanen 2022-2025 er teke til orientering.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, Ap, KrF, H og FrP ved T.Larsen-H:

https://pub.framsikt.net/2022/alver/ps-2022-budsjettforslag_fr%C3%A5_sp_ap_krf_h_og_frp/#/polsim/politicalsimulation/

Framlegget vart vedteke med 8 røyster mot 2 (M.Færø-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

FO- 117/21 innstilling:

https://pub.framsikt.net/2022/alver/ps-2022-budsjettforslag_fr%C3%A5_sp_ap_krf_h_og_frp/#/polsim/politicalsimulation/

118/21: Melding/orientering til formannskapet 02.12.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 118/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

119/21: Makebyte og leige - kai 4

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Det var gjort framlegg om å handsama saka i lukka møte jf.off.lova § 23.

Framlegget vart samrøystes vedteke. Møtet vart lukka.

Framlegg:

Saka vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 119/21 innstilling:

Saka vert teke til orientering.

120/21: Røde kors

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Alver kommune støttar Røde Kors med 30 000 kr til ny båt.
Dette blir finansiert frå posten gåver - politisk.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 120/21 Vedtak:

Alver kommune støttar Røde Kors med 30 000 kr til ny båt.
Dette blir finansiert frå posten gåver - politisk.